



SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 18/629 -
Arkivkode: 504

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 36/19	KOMMUNESTYRET	24.09.2019

REGULERINGSPLAN - SKÅR KAI

Vedlegg: rev.Plankart
rev.Føresegn
rev.Planskildring
Skredrapport
Fotodokumentasjon
Merknader etter offentlig ettersyn

SAKSUTGREIING:

Reguleringsplan for Skår kai er revidert etter innspel i samband med offentlig ettersyn og kan etter at NVE trekk sitt motsegn slutthandsamast

Planframlegget går ut på å leggja til rette for etablering av djupvasskai for havgåande fiskebåt og detaljregulera to areal avsett til næring i kommuneplan samt lage ein heilskapleg plan som regulerer vegløyningar, parkeringstilhøve, naustmiljø, ramar for eksisterande og framtidige næringsverksemdar, rassikring og grønstruktur. Samstundes skal det takast omsyn til og sikra ålmenta sitt tilgjenge og rettar i strandsona.

Landbruk /teknisk har hatt sitt siste møte i denne valperioden og nye representantar vil ikkje vera på plass før nytt kommunestyre er konstituert.

Detaljreguleringa handsamast difor direkte i sitjande kommunestyret sitt siste møte.

Det har kome inn fleire utaler og merknader og eit motsegn frå offentlege og private til planframlegget under offentlig ettersyn. Fråsegn til planen ligg ved i sin heilhet, me refererer dei ulike fråsegna kort under:

Kystverket:

Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, også må handsamast etter hamne- og farvasslova.

Fiskarlaget Vest:

Minnar om kaste og låssettningsområde i, og grensande til planområdet, men er nøgd med at sjøarealet no er redusert i høve til oppstartsmeldinga. Deler av dette området som strekk seg rundt heile skoraholmen og inn i dei sørligaste vikane i skoravågen er markert som kaste og låssetningsområde.

Fiskeridirektoratet:

Fiskeridirektoratet har fått tilsendt kopi av Fiskarlaget Vest si uttale til offentleg høyring av planen.

Fiskeridirektoratet stettar deira krav om at det må inn i føresegnene at det er registrert kaste- og låssetningsplass i/ved planområdet, med innhald tilsvarende det som fiskarlaget skisserte. Dette er viktig for å sikre fiskeriinteressene i området. Det må ikkje gjerast vedtak som minskar bruksverdien av låssetningsplassen.

Statens vegvesen:

Siktlinjer og radius i avkøyrsla må innteiknast i plankartet etter gjeldande vegnormal og det må setjast rekkefølgjekrav om utbetring av avkøyrse før nyetableringar/ nybygg i næringsområda og etablering av småbåtanlegg.

Hordaland fylkeskommune:

Hordaland fylkeskommune er positive til at det vert lagt til rette med kai for lokal havfiskebåt. Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld planprosessen, KU, utforming av føresegnene og avgrensing av næringsarealet i område 2. Dei ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare og tilrår at det vert arbeidd meir med planen før kommunen gjer vedtak.

Hordaland fylkeskommune finn etter ei samla vurdering å tillate at forslag til detaljreguleringsplan for Skår kai, Tysnes kommune blir vedteke utan vilkår om ytterlegare arkeologisk undersøking av Askeladden id. 260876 før tiltak i medhald til planen blir realisert. Tilstrekkeleg dokumentasjon er allereie gjennomført i samband med registrering som er utført av Hordaland fylkeskommune.

Fylkesmannen i Vestland:

Fylkesmannen er positiv til at det no er gjort ei heilskapleg vurdering av næringsområdet, for å få etablert ei ny kai for havfiskebåt. Fylkesmannen meiner at verdiane knytt til strandsona er godt vurdert for sikring av desse verdiane.

Samstundes er dei opptekne av at det vert tatt landskapsomsyn innanfor reguleringsområdet, spesielt det regulerte næringsområdet BN i sone 2. Både av omsyn til landskapsverknader og for å betre ta vare på strandsoneverdiane, ber dei om at næringsarealet og byggjegrensa vert trekt lenger tilbake frå sjøen enn vist i planen.

Per Ove Johnsen:

Gjer tiltakshavar merksam på sine tinglyste rettar vedkommande parkering og vegrett i planområdet.

NVE:

NVE har motsegn til reguleringsplan for Skår kai inntil reell skredfare er avklart og konklusjonane i dette arbeidet er innarbeidd i plankart og føresegner.

OPPSUMERING:

Tiltakshavar har utført dei krav NVE har fremja i sitt motsegn, Tysnes kommune har på bakgrunn av denne dokumentasjon bedt om at NVE trekk sine motsegn til planen slik at den no kan vedtakast.

Merknader frå Statens vegvesen, fiskarlag, fylkeskommune og fylkesmann, er vurdert og i stor grad innarbeidd i planframlegg som ligg til vedtak. I tillegg er det utarbeidd ein fagkunne rapport i høve til skred og steinsprangfare, der omsynsoner er lagt inn i plankartet og avbøtande tiltak er lagt inn i føresegna der rapporten har avdekkja trong for dette i høve til krava i TEK 17. Tiltakshavar har er klar over at det er rettighetshavare innanfor planområdet og planen legg til grunn at tinglyste avtalar vert vidareført.

Tysnes kommune har ikkje i skrivande stund motteke ein stadfesting av at motsegn vert trekt men ser det som naturleg at denne kjem straks NVE har fått gått gjennom etterspurd dokumentasjon

Planframlegg vert sett opp til slutthandsaming og ei eventuell stadfesting frå NVE vert referert direkte i møte. Skulle det mot formodning ikkje koma inn ein stadfesting bør saka utsettast.

Samla sett så har me til vedtak ein god heilskapleg plan der tiltakshavar i tillegg til å løyse sin akutte trong for opplagsplass for havgåande fiskefarty har lagt til rette for detaljregulering av næringsareal med potensiell stor verdi for den vidare utviklinga i kommunen og Reksteren spesielt. Planfagleg vert det vurdert som eit godt grep å sjå dei to områda avsett til næring i kommuneplanen under eit og svare opp høyringsinnstansane sine innspel og merknader på den måten det no er utført, slik at områdene og dei planlagte tiltaka framstår som byggjeklare utan trong for vidare høyring eller dispensasjonar.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i § 12-12 i Plan og bygningslova vedtek Kommunestyret detaljreguleringsplan for Skår kai- gnr 80 bnr 1 m.fl. med tilhøyrande føresegn.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 24.09.2019:

Ordføraren orienterte i møte om kvifor saka vart sendt direkte til kommunestyre i denne saka. Det vart vidare orientert om at NVE i forkant av kommunestyre sitt møte har trekt sitt motsegn.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 24.09.2019:

I samsvar med innstilling.